

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Forsand

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av: Jon Bergsåker.

Gard:

(adresse):

G.nr. 67. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Elles var eg i veka no i Byrkjedal, der eg kom beint over ein kar som sat skov, og han skov så vidt eg kunne skjøna etter di oppskrift for skav-området Lindesnes-Sygnefest? Eg skal sjå til å få sendt deg det biletet, når eg kjem tilbake til byen etter ei god veke. Eg skal memleg heim på vinterferie no i veka kjem.

Men denne karen, Laurents Byrkjedal, kunne elles det at skulle bukkane verta reint fine - eg torer ikkje seia om det også spela inn på sprang - dugleiken - måtte dei få skav om haustane. Faren hadde det støtt slik, sa han. I vinter hadde dei elles gjeve geitene i Byrkjedal mykje skav av bjørk. Dei hadde køyrt heim mangfaldige lass av bjørk til å skava til dei tretti geitene sine, på grunn av den vanskelege stoda med ane för. Geitene åt svært godt skav av bjørk, sa han, om ein sjølv sagt heldtrauhe-skavet betre. Men det måtte dei halda att til kyrne i vinter. Dei hadde køyrt heim sju hestelass med raun til å skava i vinter, - og så ei heil mengd lass med bjørk til geitene. Og han hadde hatt nøgda av skjevlar slik at han hadde brote dei i to og sendt mangw sekker av slik til skyldfolk i byen til kveiksle.

Det var nok ikkje vanleg at dei skov i Byrkjedal no. Men dei var vel inne i måte og bruk, og det tyktest ikkje falla noko underleg for dei enn i dag at dei hadde lote bruka så mykje skav i vinter. Dette var på garden hjå Ole Byrkjedal i Dirdals-dalen, og denne Laurents var ein eldre kar som på eitt eller åhna vis stod i skyldskapsband til bonden og budde der.